

Kyrkje og kultur i Sirdal



**Møt Øvre Sirdal
leitegruppe**

Side 4-5

**Nytt konfirmant-
opplegg**

Side 8-9

Kultursidene

Side 18-28

Biskopen si juleandakt

«Husk, nåderike Jesus, eg er årsaka til reisa di»

Læresveinen Johannes skildrar julas mysterium med desse orda: «Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.» Vi kallar den store hendinga i jula for inkarnasjonen, at Gud vart menneske, født som ein av oss i ein stall.

Dette er større enn tanken vår kan fatta. Kyrkjefader Tertullian seier difor om dette ufattelege som vi no skal feira: «Dette er så utruleg at det må vere sant!»

Kva var det som «det sanne lyset» viste? Ordet fotografere er sett samen av dei to greske orda «lys» og «skrive». Direkte oversett tyder det «å skrive med lys». Jesus fotograferer Gud! Han teiknar eit sant bilete av korleis Gud er. Det som ikkje var mogleg tidlegare, å sjå Gud, vart no mogleg. Jesus seier om seg sjølv: «Den som har sett meg, har sett Far.»

Johannes skriv difor i evangeliet sitt og breva sine om det han har sett og høyr. Han såg korleis Jesus møtte menneske med verdigheit. Korleis han førte dei som var utanfor fellesskapen inn i fellesskapen. Dei som kom med skyld, vart tilgjevne og sett fri. Dei som mangla håp, fekk håpet tilbake. Dei som mangla meining, gav han meining i livet. Dette kunne dei sjå med eigne augo. Dei såg at Guds namn er miskunn.

Ei kvinne vart ein gong spurd: «Kva var det som kjenneteikna Jesus?». Ho svarte: «Han snudde aldri andletet sitt bort frå noko menneske.»

Frivillig arbeid

I denne utgåva av bladet har vi eit sers fint eksempel på kva frivillig arbeid kan ha å seie for samfunnet. Øvre Sirdal leitegruppe fortener verkeleg heider for det arbeidet dei gjer.

Mykje frivillig arbeid skjer i større og mindre grupper som har felles interesser, ulike klubbar, foreiningar og lag, ikkje minst innan kyrkja og kristne organisasjonar. Til saman gjev det eit rikt utval av aktivitetar, som gjer det mogeleg for dei fleste å finna seg plass i ein verdfull sosial samanheng.

Elles finn vi kanskje den største frivillige innsatsen innan idrettsarbeidet. Idretten har det største medlemstalet og dei fleste aktive utøvarane, særleg blant barn og unge. Mange vaksne er engasjerte som leiarar og trenarar. Foreldre følgjer opp borna sine på treningar og kampar, og bidrar med ulik dugnadsinnsats.

I slutten av september vart NM i rulle-skiskyting arrangert på Feed. Det vart gjort ein utruleg stor dugnadsinnsats av innpå 300 frivillige i samband med det arrangementet. Slikt bind bygdesamfunnet vårt saman, og vi får noko å vera stolte av.

Kva var samfunnet vårt utan frivillig arbeid og dugnad? Utan tvil eit fattigare samfunn. Frivillig arbeid og dugnad gjev oss utfordringar. Det å arbeida saman mot felles mål skapar fellesskap på tvers av andre skiljelinjer.

Frivillig arbeid tek seg av mange oppgaver som det offentlege ikkje ville vera i stand til å løysa, i alle fall ikkje innan forsvarlege økonomiske rammer. Det er viktig at det offentlege støttar frivillig arbeid, det gjev sers mykje att for pengane.

Lars Audun Fodstad

Julebodskapet gjev oss bilete av Gud, men det seier òg noko meir. I Mozarts Requiem syng koret: «Husk, nåderike Jesus (pie Jesu), eg er årsaken til reisa di». Det var altså menneska si frelse som var grunnen til at Han som var i opphavet hos Gud, la ut på reisa ned til oss her på jorda! Til hyrdingane på Betlehemsmarkene seier engelen difor: **« I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.»** Jesus kom ikkje berre for å gje oss eit bilete av Gud. Han kom for å frelse. Dette året har vi markert at det er fem hundre år sidan reformasjonen starta. Eit av kjerneorda frå reformasjonen er «trua åleine». Det er ved trua på Jesus at Gud tilbyr oss frelsa si. Ikkje ved vår eigen innsats. Og Jesus oppfordrar oss til å respondere på at han kom til jorda. Sagt med Johannes sin versjon av juleevangeliet:

«Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.»

Med ynskje om ei velsigna julehøgtid! Stein Reinertsen, biskop i Agder og Telemark

Miljøtipset: Småfugler på foringsplassen

Høsten har gjort sitt inntog, og dagene blir kortere og kaldere. Småfuglene trenger din hjelp i matsøket. Hele dagen med dagslys bruker småfuglene på matsøket. Du kan hjelpe fuglene med å etablere en foringsplass, hvor fuglene kan få jevn tilgang til mat og kan være i trygghet.

De fuglene en finner ved matbrettet i vintermånedene (nov- mars) er arter innen kategorien stand- og streiffugler. **Standfugler** er overvintrende arter og gjerne litt kraftige, som spetter, svarttrost, meiser, grønnfink/ finker og dompap (assosieres som "julefuglen"). **Streiffugler** er typiske arter som flyr og oppsøker føden gjerne på næringsøk i hele Sør-Norge (les; finker/bjørkefink, grønnsisik, gråsisik, korsnebb og gulspurv). Så har vi disse utsatte enkeltindivider av trekkfugler som kan bli igjen om forholdene tilsier det, ved at de finner en "rik foringsplass" med varierte matretter som frukt, kokte potetresten og brød. Disse artene kan være gjerdesmett, jernspurv, rødstrupe, munk og stillits. Det er alltid koselig innslag med disse noe mer varmekjære artene, men husk bare at disse ikke har sterkt nok nebb til å åpne solsikkefrø og bite over jordnøtter. Vinteren medfører store utfordringer med å finne nok mat for mange av våre småfugler. Å finne en stabil foringsplass vil bety økt

sjanse til å overleve vinterhalvåret med snø og kulde.

Eksempel på mat til småfugler kan være:

-**Solsikkefrø** - meget viktig og nummer én; dekker meiser og alle finker (dompap).

-**Meiseboller** er meget bra for de aller fleste på matbrettet; meiser og finker/sisik



og svarttrost.

-**Havre**; er viktig og faller i smak hos svarttrost, gråspurv og gulspurv.

-**Jordnøtter**; meiser og grønn- og gråsisik

-**Usaltet spekk**; spetter, granmeis og spettmeis

Frukt og bær, kokte poteter og brødrester; sidensvans, rødstrupe, svarttrost og stær.

Lag gjerne dine egne meiseboller. Oppskrifter finner du på www.fuglevennen.no

Du kan lage deg et helt enkelt **matbrett** satt på en staur eller trestamme, eller kjøpe foringsautomater i flere brukbare varianter. Det er viktig at foringsplasser hvor flere fugler spiser saman, skylles med varmt vann ved jevne mellomrom. Dette er spesielt viktig for å hindre at en sprer sykdom fra et smittet individ til andre naboindivider

VIKTIG! En trygg foringsplass bør ha busker og trær i kort avstand, med tanke på at småfuglene kan komme i sikkerhet for katt, spurvehauk og andre predatorer. Pass og på at det ikke står gjenstander like under matbrettet som kan være en gjemmeglass for overraskende angrep fra katten.

Det er om å gjøre at småfuglene bygger opp fettlageret (fettprosenten), slik at fuglene skal kunne være rustet mot kulde og holde på kroppstemperaturen. Fettinnholdet i kroppen er fuglenes drivstoff, og er alfa og omega for å klare seg gjennom vinteren.

Lykke til med hagefuglene. Du kan også delta på landsomfattende hagefugeltelling i januar i regi av www.fuglevennen.no

Det er bevist at en øker livsgleden ved å studere småfuglenes tilstedeværelse på matbrettet.

Tekst og foto: **Kjell Grimsby**



Kyrkje og kultur i Sirdal nr 4/2017

Utgevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

Fire utgaver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven -Egil Testad og Henning Huseby Jansen.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement:

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad

Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsida: Frå julefest Kvævemoen kapell

Foto: Privat

Trykk: Synkron Media

«Den som leiter,...»

«Me kan jo starta med forteljinga om den bortkomne sauene som me les om i Bibelen», seier Per Magne Sinnes då me har samla ein liten del av **Øvre Sirdal leitegruppe** ein haustkveld.



Medlemer av Øvre Sirdal leitegruppe samla for å sjå på nytt utstyr til hjelp under aksjonar.

Per Magne fortel vidare at det er like gildt å finna både folk og sauer når han dreg rundt i fjellheimen. Både to- og firbeinte er glade for hjelp når dei har tulla seg bort.

Tryggleik i meir enn 30 år

Øvre Sirdal leitegruppe har skapt tryggleik i Sirdal sidan starten i 1984. Behovet for ei organisert leitegruppe vart tydeleg då mange var med og leita etter Olav Sirekrok, ein sambygding som diverre drukna hausten 1981.

Noverande leiar for gruppa, Arvid Tjørhom, fortel at dei til saman har vore med på 220 leiteaksjonar eller andre oppdrag i fjellet sidan starten. Både Per Magne og Arvid har vore med heile tida.

Nye generasjonar kjem til

No er dei for godt vaksne å rekna, så dei set pris på yngre krefter. Denne kvelden er Morten Josdal, John-Ove Sinnes og Anders Tjørhom med, og historiane frå ulike redningsaksjonar

kjem som perler på ei snor. Alle er samde om at Per Magne er den som kjenner Sirdalsheiane aller best, han har hatt Sira-Kvinajobben sin der og han har farta rundt både sommar og vinter på fritida. På spørsmål om kva som er drivkrafta bak innsatsen, svarer han kjapt: «Gleda over å vera til hjelp. Eg likar ikkje at det skal skrytast over det me gjer.»

«Gleda over å vera til hjelp. Eg likar ikkje at det skal skrytast over det me gjer»

Nytt viktig utstyr

Når alarmen går, står gruppa under leiing av politiet sin operasjonsentral i Stavanger, gjerne i samarbeid med Hovudredningssentralen på Sola. Dei ventar ikkje alltid på at politiet kjem før dei dreg ut på leit, difor er dei ekstra glade for å kunna pakka ut nye nødnett-terminalar denne kvelden. Det har dei hatt bruk for og ynskt seg lenge. Eit nytt varmesøkande kamera vonar dei og skal vera til god hjelp i mørke.

Dei pratar vent om kommunen som hjalp med økonomien til innkjøp. Så gløymer dei heller ikkje å fortelja at Bygdekvinnelaget støttar dei med sin årlege



Leiar Arvid Tjørhom viser noko av utstyret dei har i beredskapshengaren.

basar. Arvid har skrive mange søknader om støtte, og no fekk dei 250 000 frå Miljødirektoratet. Kor mykje arbeid han legg ned i oppgåva som leiar, har han derimot ikkje loggført, men alle som kjenner han veit at dette brenn han for.

Positive arbeidsgjevarar

Dei fortel vidare om positive arbeidsgjevarar. Sira-Kvina let dei bruka snø-scootrar og trekkjer ikkje løn når dei er i aksjon. Andre sjefar let dei og gå ut på oppdrag, og ingen møter negative reaksjonar. Dei opplever at bygda står bak og stiller opp om det trengs meir folk eller anna hjelp. På lista over villige deltakarar er det rundt 90 namn, og dermed har dei folk med som kjenner dei ulike fjellområda godt.

I 2017 har dei berre hatt tre aksjonar, medan dei var ute ti gonger i 2016, og seks av dei vart gjennomført på ti dagar om sommaren. Då henta dei heim mange frå Kjerag, men også småbarns

familiar som ville til Kvina og starta ut i kveldinga. Dei ser litt for ofte at folk som tek ut har større mot enn fjellvett. Då er dei som oftast svært takksame for hjelp. Dei utanlandske er redde for at dette vert dyrt, og kan mest ikkje tru at hjelparane gjer dette på fritida si heilt gratis. Slikt får dei sidan takk for på Facebook, og ein gong kom det pakke frå Shanghai med fine kinajakker.

Frivillig arbeid står sterkt i Sirdal og leitegruppene både oppi dalen og på Tonstad fortener respekt.

Dei kan verta utkalla til alle tider på døgnet, gjerne i dårleg ver og i tøft terreng. Mange helger, vinterferiar og påskeferiar har dei brukt for å hjelpa, og utan tvil har dei redda mange liv.

Støtte frå dei som sit att heime

Sjølve vil dei gjerne at det vert skrive litt om dei som sit att heime, som må forandra på planar og ikkje veit kva tid leitarar kjem heim att. Dei heime har tid til å kjenna på redsle, særleg om vinteren og i uver. Å vera med i leitegruppe krev og støtte på heimebane.

På spørsmål om Per Magne trur dei unge kjem til å føra arbeidet vidare, svarer han

at det er han sikker på. «Eg ser dei har rette innstillinga. Dei trivst med dette». Likevel kjem det eit sukk frå John-Ove: «Skulle no du og Arvid ein gong koma til å gje dykk, så vert det jammen store sko å fylla!»

Så fortsette dei å gjera seg kjende med nytt utstyr, sjå gjennom tilhengaren som leitegruppa har, og sikra at dei er klare for ein ny vintersesong.

Tekst og foto: **Solbjørg Tjørhom**



Gamle og nye medlemmer i leitegruppa: Frå venstre: Morten Josdal, Arvid Tjørhom, Anders Tjørhom, Per Magne Sinnes og John-Ove Sinnes.



Beredskapshengaren er full av utstyr som trengst i samband med leiteaksjonar i fjellet.

«Sirdøl» på Hawaii

Gerd Åshild Ueland er frå Lye i Time kommune. Ho kom som 18-åring til Tonstad for tre år sidan. Ho har arbeidd som lærling i IT-avdelinga i Sirdal kommune. I heile denne tida var ho knytt til arbeid i kyrkja som kyrkjetenar, og som vikar i ungdomsarbeidet i Trafo. Ho har nå permisjon frå stillinga som kyrkjetenar i Haughom kapell. Gerd Åshild har lang fartstid i kyrkja. Alt som 16-åring starta ho som kyrkjetenar i Bryne kyrkje.



Framtidsplanar

Planane hennar nå er å ta eit halvår bibelskule på Hawaii i regi av "Youth with a mission". (Ungdom i oppdrag). Sidan tenkjer ho å studera til elektroingeniør ved NTNU. Ho ynskjer å koma attende til Sirdal etter studiet, og me ynskjer henne alt nå velkomen attende hit, om alt legg seg til rette.

Me er takksame for den tida ho har vore her, og for arbeidet ho har lagt ned.

Tekst: **Sven-Egil Testad**

Foto: **Sven-Egil Testad og privat**

Kva er Ungdom i oppdrag?

- ⇒ Verdsvid misjonsrørsla med karismatisk preg
- ⇒ Tverrkyrkjeleg
- ⇒ Det internasjonale namnet er Youth with a mission
- ⇒ Grunnlagt i 1960 av Loren og Darlene Cunningham
- ⇒ I dag er rørsla representert i 180 ulike land
- ⇒ UIO har DTS-ar på ni ulike stader i Noreg
- ⇒ DTS er forkorting for Disippeltreningsskole
- ⇒ Fleire frå Sirdal har vore eller planlegg å gå på DTS
- ⇒ Heimeside med meir info: <https://www.ywam.no>

Gardsnamn i Sirdal: Lindeland

Vi veit ikkje heilt når Lindeland først vart busett, men mest truleg skjedde det i folkevandringstida, mellom år 400 - 600 e.Kr. Garden var ikkje av dei rikaste. I eit skriv frå 1668 heiter det mellom anna: *“Misslig Korn Jord, Ringe Eng og Udmark”*

Vidare står det at ein kunne så ut tre tønner korn og fø ein hest og sju kyr. Men om ikkje garden var rik på gods og gull, så var han i eldre tid vidspurt på grunn av at det budde så mange vakre kvinner der.

I eit gammalt gardsrim heiter det:

*«Linnelann æ ett kvinneland
leista deg lett i lopte»*

Garden hadde bekk der det til vanleg var vatn nok til å driva ei kvern, noko som var svært verdfullt. Men i byrjinga av 1800-talet var det mange uår på rad med tidleg haust og svært kalde vintrar. Kvernbekken fraus til alt midt i oktober, og då kunne ein ikkje få malt kornet. Då kom folka på garden på å montera ei vasskvern ute på isen i Sira. For at ho ikkje skulle frysa til att



straks, måtte kverna haldast i gong natt og dag, kvardag som sundag. Også presten var med på strevet og velsigna arbeidet.

Til vanleg utgjir Sira grensa mellom gardane i Sirdal. Men på Lindeland er det annleis, for der eig garden og ein del jord på austsida av elva. Plassen heiter “Elve”. Opphavleg var det Liland som åtte Elve, men ein gong på 1600 talet skal Lindeland ha kjøpt Elve for “ein grå bukk”.

Opphavleg var det fire hovudbruk på Lindeland. Det var “Der heima”, “Der oppe”, “Nygård” og

“Der ude” Ved oppdeling kom det seinare til andre bruk. På det meste, like før år 1900, budde det i alt 47 mennesker på Lindeland. I dag bur det berre ein familie fast på garden.

Der det før var gardsbruk finn vi i dag campingplass, hytter og kafedrift. Så Lindeland er ikkje truga av å bli ein ny “audegard.”, noko som diverre har skjedd med fleire andre mindre gardar i kommunen opp gjennom åra.

Tekst: **Steinar Tjomlid**

Foto: **Jan Becker**

Nytt og spennande konfirmantår!

Det er ein kjekk og positiv gjeng som skal vere konfirmantar i kyrkja i år igjen, og me gler oss til alt me skal gjere i lag! Me er allereie godt i gang, og har blant anna hatt presentasjonsgudsteneste og besøk av «Team Skjærgårds». «Team Skjærgårds» er eit team av unge dyktige musikarar og formidlarar som set av eit skuleår midt i studietida for å reise i team til ulike konfirmant- og ungdomsgrupper. Dei presenterer eit undervisningsopplegg og har ein flott konsert. Dei har vore på Tonstad fleire år, og me har svært gode erfaringer med desse samlingane. I år er det kun konfirmantar frå Tonstad skule, fordi Sinnes skule ikkje har nokon 9.klassingar.

Nytt konfirmantopplegg

Det blir ekstra spanande dette skuleåret, for me skal prøve ut noko nytt. Me har i alle år reist på konfirmantleir om hausten, og i mange år no har det kun vore oss frå Sirdal som har reist på leir i lag. Det har vore svært verdifullt på mange måter, og me har hatt fint fellesskap og kjekke aktivitetar. Me har fått gode tilbakemeldingar på leirane, men me har og fått spørsmål frå føresette om det er mogleg å delta på eit av dei flotte storleir- tilboda som finst rundt i landet.

KRIK-leir i Bø til sommaren

Ein av desse leirane, KonfAction, vert arrangert av KRIK og finn stad i Bø i Telemark. Me er glade for at me no kan bekrefte at me har fått plass på denne leiren til sommaren. Her er eit hav av ulike aktivitetar ein kan velje mellom, noko for eikvar interesse. Det er



Mykje liv og god stemning når over tusen konfirmantar er samla til leir i Bø i Telemark!

inn-gang til Sommarland for alle konfirmantane fleire ettermiddagar. I tillegg er det flotte møter, med engasjerte leiarar og talarar, og flinke musikarar som står for musikken. Me gler oss stort over at me skal få vere med på dette. Då me presenterte for konfirmantane at me hadde søkt oss inn på denne leiren, vart det svært godt motteke, og alle håpa me skulle få plass. Difor var det jubel på kontoret då me fekk det be-

krefta i september. Leiren har dei siste åra samla over 1000 konfirmantar, og er landets største konfirmantleir. Denne leiren er i starten av sommar-



Konfirmantar og leiarar søv i telt på leiren i Telemark.

ferien, og dei fleste kyrkjelydane som drar på denne leiren har difor flytta konfirmasjonen til hausten i 10.klasse. Det er planen her og på sikt, men fordi det kom litt brått på for årets konfirmantar og føresette har me ei mellomløyning i år. Konfirmasjonsgudstenesta blir som før siste helga i mai, så sparer me eit av dei store høgdepunkta i konfirmasjonstida - leiren - til etter at sjølve konfirmasjonen er unnagjort. Det blir ei kjekk avslutning! 10.desember skal konfirmantane delta på den årlege lysmessa i Haugdom kapell, og alle er hjarteleg velkomne på denne gudstenesta.

Tekst: Inger Solveig Høyland

Foto: KRIK og Inger Solveig Høyland

Konfirmantane i Sirdal 2017-2018



Frå venstre framme:

Hannah Sophie Koopmann
Karoline Haugdom
Celine Madelen Svindland
Pernille Strømæss
Matilde Alette Haugdom
Aurora Tjørhom
Erlend Oskar Risnes
Leif Henry Waldeland
Kristoffer Omlie
Svein Oskar Waldeland
Erling Andrè Biktjørn
Nikolai Grimsby
Sindre Tveit
Joakim Andrè Lindland

Gløymt kontantar? No kan du gi kollekt i alle kyrkjene våre med **VIPPS!**

Gåva du gir går til det føremålet som er kunngjort i gudstenesta, og vert belasta bankkortet ditt (Visa eller MasterCard)

Du kan nytte appen **VIPPS**.

Appen kan lastast ned frå AppStore for iPhone og Google Play for andre telefonar. Du treng ikkje ha konto i DNB for å nytte **VIPPS**.

Slik gjer du for å innstallere appen:

- Gå inn på AppStore el. Google Play
- Søk etter appen **VIPPS**
- **HENT, INNSTALLER** og **ÅPNE**
- Følg bruksanvisninga, steg for steg

Slik kan du gi kollekt med VIPPS:

- Åpne appen, og slå **PIN-koden** din
- Trykk på + teiknet oppe til høgre
- Trykk **Send penger**
- Søk opp **namn** på den kyrkja du er i
- Skriv inn **beløp** du ønsker å gi
- Trykk **Neste** oppe i høgre hjørne
- Gjennomfør betalinga ved å trykke **Betale** nedst på skjermen

Takk for gåva!



Ny medarbeidar og nytt kor!

Enno ein gong kan me få ønskja ein ny medarbeidar velkommen til innsats i kyrkja sitt barnearbeid.

May Tone Josdal har starta i 50% stilling som vikar i trusopplæringa inneverande skuleår, med hovudansvar for babysong, barnekor og andre trusopplæringstiltak.

May Tone vaks opp i Kvinesdal og flytta til Tonstad då ho gjekk på ungdomskulen, så mange kjenner henne. Ho song i ungdomskoret som var då, og oppdaga kor godt ho lika å syngja, både i kor og åleine.

Etter ungdomskule og vidaregåande held ho no på med siste året på lærarskulen. Som om ikkje det er nok, er ho mor til fire. Ho og mannen Pål Vegard bur i nytt hus på Josdal med flokken sin. Med to skulegutar og to små på 1 og 2 år, seier det seg sjølv at kvardagen er «veldig kjekk og veldig travel», slik ho beskriv det.

Babysong i Kyrkjestova

Babysong er i gong kvar tysdag føremiddag. Dei syng dei same songane og avsluttar med bobleblåsing. Det er lett å sjå at dei minste likar dette og følgjer med. Her er plass til fleire, det er sjølvstøtt også greitt for heimeverande mor eller far å møte andre foreldre der.



Babysong - kvar måndag kl 10.00 i Kyrkjestova.
For born frå 0-2 år saman med foreldre.

Tonstad Soul Children - nytt kor for 5.-10.kl.
Øver kvar tysdag kl 14.00– 15.30 på bedehuset.
Skal syngja for første gong 26.november i kyrkja.

Tekst: **Solbjørg Tjørhom**

Foto: **Henning Huseby Jansen og Dagny Irene Tonstad Torsteinbø**



Tonstad Soul Children

Koret er også starta. Det er for alle frå 5. til og med 10. klasse. Koret er innmeld i Acta (Normisjon) sitt barnearbeid, så vert dei mange nok, kan dei delta på store Soul Children samlingar, der mange kor øver på dei same songane og syng og dansar i eit kjempekor. Kyrkjelyden ønskjer May Tone velkommen i arbeidet, og vi gler oss til første gongen koret skal syngja. Det er på familiegudstenesta den 26.november i Tonstad kyrkje.



Stor dag for både kyrkje og lokalsamfunn

Det blei verkeleg ein festdag då kong Christian den III sin bibel kom "heim" til Tonstad kyrkje under gudstenesta søndag 17.september.

Rachel og Carol Bolte var komne heilt frå Minnesota i USA for å gi familiebibelen deira i gåve til kyrkja, og det vart ein rørende augneblink då sokneprest Rolf Eriksen tok i mot bibelen.

Eigaren, Rachel Bolte, hadde bestemt seg for å gi bibelen tilbake til kyrkja han eingong hadde høyrte til, etter at



Torvild Valle forsiktig hadde spurt henne om det kunne vere mogleg. Torvild er gift med Tordis Josdal frå Sirdal, som er kusine med Carol Bolte, mor til Rachel.



Etter gudstenesta var det middag og kaker på kulturhuset for alle som ville



få med seg den store hendinga. I tillegg til song av Sirdal blandakor, var det musikkinnslag frå ein trio bestående av Ingunn Tonstad, Ivar Skregeli og Hanne Fodstad. Som om ikkje det var



nok, bidrog også Inge Særheim og Hanne Fodstad med to stykke.

Professor Inge Særheim ved Universitetet i Stavanger heldt dessutan eit spanande kåseri som han hadde kalla

"Kolbein Båttstø, Martin Luther og Christian den III sin bibel", der han fekk fram kor viktig både denne bibelen og Martin Luther sin bibel frå 1534 var for utviklinga av det tyske og dei nordiske skriftspråka på denne tida.

Ordførar Thor Jørgen Tjørhom og leiar i soknerådet Aud Ingrid Fidje-land kom med helsingar og takk til gjestene frå USA. Til slutt fekk alle som hadde vore med å skipe til festen ein velfortent takk.

Her er nokre glimt frå den store dagen. På facebook-sida «kyrkjaisirdal» finn du fleire bilde frå den store



hend-
inga.

Tekst og
foto:
**Henning
Huseby
Jansen**

Abonnere på bladet Kyrkje og kultur i Sirdal?

I bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kan du lese om stort og smått som skjer i Sirdal, intervju med folk som bur her eller har budd her, du kan få vite meir om gardsnamn i dalen og når det skal vere gudsteneste i kyrkjene våre. Ordføraren har si eiga spalte, kva som går på kino eller når Tonstadbadet er ope - alt dette finn du i bladet.

Alle husstandar i Sirdal får bladet gratis tilsendt i posten. For andre er det mogleg å bestille bladet mot ein kontingent på kr 150,- pr år.

Då får du bladet fire gonger i året heim til deg, eller til hytte-adressen din, det er opp til deg. Det er sjølvsaugt og mogleg å bestille bladet som ei gåve til utflytta born eller andre.

For å bestille bladet, kan du ringe eller sende ein sms til 97633127, sende ein mail til post@sirdal.kyrkja.no eller sende brev til Kyrkje og kultur, Sirdal sokneråd, Pb 133, 4441 Tonstad.

Vi treng namn og adresse, og eventuelt namn på givar dersom det er ei gåve. **Velkomen som lesar!**



Adventsamlingar på Tonstad og Kvævemoen

Tradisjonen tru blir det tenning av julegrana både på Tonstad og på Kvævemoen i starten av adventstida. Ordførar Thor Jørgen Tjørhom vil også i år stå for den offisielle tenninga av grana, og det er som vanleg venta mykje folk begge stader.

På Tonstad er det adventsamling søndag 3.desember kl 16.00 på Eliastunet, med gløgg og mandarinar. Kl 16.30 blir det tenning av julegrana ved ordføraren og song og gang rundt treet. Kl 17.00 byrjar adventsamlinga i kyrkja. Her vil både Tonstad barnekor, Sirdal blandakor, Tonstad Soul Children og ei vokalgruppe frå SMoK synge.

På Kvævemoen er det adventsamling tysdag 5.desember kl 17.30 ved Fjellmuseet. Ordføraren tenner juletreet, og det blir gang rundt treet også her. Kl 18.00 byrjar lysmessa i kapellet, og der vil også elevar frå SMoK delta. Etter lysmessa blir det graut på Infosenteret. Vel møtt til trivelege adventsamlingar for både små og store.



Vi syng jula inn i Tonstad kyrkje

Tradisjonen tru vil me også dette året arrangere «Vi syng jula inn» like før jul. Denne gongen blir det ikkje 4. søndag i advent sidan den fell saman med julafta, men **torsdag 21. desember kl. 19.30** er me klare til å syngje jula inn. Sirdal Blandakor blir som vanleg med, og det blir også andre musikalske innslag. Men ikkje minst skal me saman syngje mange av dei kjære julesongane som så mange er glade i! Mange kjem ikkje i skikkeleg julestemning utan å ha sunge julesongar, så me vonar folk vil prioritere å ta turen til kyrkja denne kvelden. **Vel møtt!**

Juletreffest i Kvævemoen kapell

Det blir skikkeleg julefest på Kvæven også i år! Tidspunktet er torsdag **28. desember kl. 17.00**. Dei siste åra har det vore mykje folk og veldig god stemning på julefesten i Øvre Sirdal, så me satsar på det i år og! Det blir gang rundt juletreet, andakt, kollekt til misjonsprosjektet i Ecudaor, matøkt, prat og konkurranse. Som før bed me folk om å ta med seg eit fat med noko mat eller julekaker, eller liknande. Festen er for alle som har lyst, og er berekna på folk i alle aldrar! Kom og bli med du også!



Gullkonfirmantjubileum for konfirmantane frå 1967

Søndag 17.september var konfirmantane frå 50 år sidan invitert til jubileum. Dette blei først markert under gudstenesta i Tonstad kyrkje, og deretter på Kulturhuset, i samband med bibeloverleveringa. Det var så triveleg å treffe kvarandre att, at dei der og då bestemte seg for å møtast igjen til skolejubileum neste år!

Konfirmantane frå venstre:

*Gunnbjørg Myre, Kjell Dorga,
Ragna Netland Lindeland,
Rune Tonstad, Jan Egil Øksendal,
Olav Magne Tonstad, Møyfrid
Ueland Bowitz, Anny Berg Fisketjøn,
Ingebjørg Suleskard, Toril Netland
og Tor Audun Tonstad*



Verksemd på Tonstad bedehus

November

Søndag 19. kl 11.00 Storsamling
Torsdag 23. kl 19.30 Møte
24-25.nov. - Julemesse Kulturhuset
Søndag 26. kl 19.30 Kveldsmøte
Torsdag 30. kl 19.30 Nattverdmøte

Desember

Søndag 3. kl 17.00 Adventssamling i
Tonstad kyrkje
Torsdag 7. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 10. kl 19.30 Lysmesse Haug-
hom kapell
Torsdag 14. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 17. kl 11.00 Storsamling
Torsdag 21. kl 19.30 «Vi syng jula
inn» Tonstad kyrkje

Onsdag 27. kl 17.00 Julefest
Lørdag 31. kl 23.00 Midnattsmesse i
Tonstad kyrkje

Januar

Torsdag 4. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 7. kl 19.30 Kveldsmøte
Torsdag 11. kl 19.30 Nattverdmøte
Søndag 14. kl 11.00 Storsamling
18.-21. Bønneuke for kristen enhet
Søndag 21. kl 19.30 Kveldsmøte
Torsdag 25. kl 19.30 Årsmøte IMF?
Søndag 28. kl 11.00 Storsamling

Februar

Torsdag 1. kl 19.30
30.1—11.2 NLM møteuker

Søndag 4. kl 19.30 Kveldsmøte
Torsdag 8. kl 19.30
Søndag 11. kl 11.00 Storsamling
Torsdag 15. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 18. kl 19.30 Kveldsmøte
Torsdag 22. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 25. kl 11.00 Storsamling

Mars

Torsdag 1. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 4. kl 19.30 Kveldsmøte
Torsdag 8. kl 19.30 Nattverdsamling
Søndag 11. kl 17.00 Storsamling
13.-18. Møteuke
Søndag 18. kl 19.30 Kveldsmøte

Meir info, følg oss på



Takk til våre støtteannonsører for viktig økonomisk støtte:

Fjellbutikken AS

Storås 3, 4443 Tjørhom, tlf 38370010
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, tlf 38371241
E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

Infoskjermen

E-post: support@infoskjermen.no
www.infoskjermen.no

Kjell Hergot - digitalisering av bilder/filmer

Guddal 21, 4440 Tonstad
tlf 971 68 647
E-post: k-hergot@online.no

Omlidbutikken AS

Sirdalsveien 6114, 4440 Tonstad, tlf 38371857
mobilnr 90818973
narbutikken.omlid@narbutikken.no

Sageneset feriesenter AS

4443 Tjørhom, tlf 38371300
E-post: ferienesenter@sageneset.no
www.sageneset.no

Sinneshytta AS

Tlf. 38 37 74 22, mob. 977 29 183
E-post: tor.sigve.vik@sinneshytta.no
www.sinneshytta.no

Sira-kvina kraftselskap

Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00
E-post: post@sirakvina.no
www.sirakvina.no

Sirdal Huskyfarm

Ousdal, N-4440 Tonstad | Norge
Telefon +47 38 37 18 62— +47 482 86 044
E-post: hallo@sirdalhuskyfarm.no
www.sirdalhuskyfarm.no

Sirdal Regnskapslag

Postboks 113, 4441 Tonstad
tlf 38377490, e-post: post@srslag.no,
www.srlag.no

Sirdal bilverksted

Sirdalsveien 3846, 4440 Tonstad
tlf 38370070 E-post: post@sirdalbil.no

Tveit og Tjomlid

Buveien 2, 4440 Tonstad
tlf. 915 13 408
E-post: post@oftnb.no

Tonstad Bakeri AS

Tonstadvegen 20 A, 4440 Tonstad,
tlf 38370122
E-post: bagaren@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonscenter

Litleli 45, 4440 TONSTAD
tlf 38377480 mob. 918 61 534
E-post: post@tonstadli.no www.tonstadli.no

Ådneram skitrekk

Sirdalsvn. 8894, 4443 Tjørhjem, mob 99441144
E-post: post@aadneram-skitrekk.no
www.aadneram-skitrekk.no

Lister
begravelsesbyrå

*Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp*

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

Vakttelefon
489 55 200

Eilif Sandvand Galdal
91880109

Oddvard Galdal
95974136

www.listerbegravelse.no



**Nærbutikken,
Tonstad**

Åpningstider
man-fre 08.30 - 20.00
lørdag 08.30 - 18.00

Tonstadv.17, 4440 Tonstad.
Telefon 38 37 01 42

**Flekkefjord
og Treland
Begravelses-
byrå**

Kenneth Trælundshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnvakt

Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og anneks
Rehabilitering av gamle
bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/
pipe (foring)
Nye peiser og ovner
Salg av tretjære

Tonstadvn. 1566, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)



E-post:
post@oftnb.no

**Velkommen til å ta
kontakt med oss!**

Telefon: 09200
E-post: kvinesdal@sor.no



**SPAREBANKEN
SØR**

Total leverandør innen VVS

Avd: Sirdal
TLF 97 68 22 41

Kontor (Flekkefjord) - TLF 38 32 22 41



Flekkefjord - Bademiljø - Sirdal
TLF 38 32 22 41 - post@modalsliror.no - www.bademiljo.no
Adresse: Brogata 31 - 4400 Flekkefjord

Den norske kyrkja i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadveien 25

Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad

www.sirdal.kyrkja.no - post@sirdal.kyrkja.no

Telefon: 38371600

Sokneprest Rolf Petter Eriksen

rpe@sirdal.kyrkja.no/48040876

Kyrkjeverge Henning Huseby Jansen

hhj@sirdal.kyrkja.no/97633127

Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland

ish@sirdal.kyrkja.no/95202865

Kyrkjelydsarbeidar May Tone Josdal (vikar)

mtj@sirdal.kyrkja.no/41334083

Kantor Kjetil Øygard Eidevik

koe@sirdal.kyrkja.no/99545299

Tonstad kyrkje

Tone Marit Bjørnstad, kyrkjetenar og reinhaldar

Lunde kyrkje

Gunn Siri Ousdal, kyrkjetenar og reinhaldar

Kvævemoen kapell

Björg Hilde Fidjeland, kyrkjetenar

Reda Staneviciene, reinhaldar

Haughom kapell

Dah May Htoo, reinhaldar

Erling Skaar, kyrkjetenar (vikar)

Sirdal sokneråd

Aud Ingrid Fidjeland, leiar, tlf 976 00 440

Gunnlaug Seland, nestleiar, tlf 977 95 744

Tor Arne Liland

Ingunn B. Tonstad

Hanne Fodstad

May Bente Øksendal Ousdal

1.vara: Einar Samslått

2.vara: Gerd Åshild Ueland

Slekters gang

DØYPTE

Tonstad kyrkje

01.10. Eliah Øksendal Endrerud

Johannes Hompland Frøysnes

GRAVLAGE

Haughom kapell

18.08. Kornelius Idland

31.10. Ana Sofia Dahl Villegas

VIGDE

Ingen vigde sidan førre nummer



www.facebook.com/kyrkja_i_Sirdal



BANKEN

Kvinesdal Sparebank

Dine drømmer
Vår utfordring



Du får fordeler
i BANKEN
du ikke får
i noen
annen bank



Telefon: 95 91 08 84
kvinesdalsparebank.no

Lund

REGNSKAPSKONTOR AS

Sirdalsvegen 38, 4376 HELLELAND

Telefon: 51 40 24 00

E-post: post@lundregnskap.no

- Etablering av selskap
- Fakturering/Lønn/Remittering
- Tilgang til eget regnskap; gjøre en del av jobben selv
- Scanne bilag inn i eget regnskap
- EHF-fakturering
- Elektronisk innhenting fra Tine og Nortura

Tonstadveien 12
4440 Tonstad
Telefon 98 48 35 13
38 32 60 00
www.felektro.no

15 år - 1990 - 2015



**FLEKKEFJORD
ELEKTRO AS**

| KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

► **elektroinstallasjoner**

KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

relatertebyrå: lde

Velkommen til Kyrkje



26.november kl 11.00

Kristi kongedag

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste. Tonstad
Soul Children deltek. *Takk-*
offer til Den lutherske kyr-
kja i Beit Jalla.

26.november kl 17.00

Kristi kongedag

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste. Bøne-
vandring med nattverd.
Takkoffer til Åpne Dører.

3.desember kl 17.00

1.s. i advent

Tonstad kyrkje

Adventssamling.
Kyrkjelyden sine kor deltek.
Takkoffer til Redd Barna

5.desember kl 18.00

1.s. i advent

Kvævemoen kapell

Adventssamling. Sprell le-
vande og elevar frå SMoK
deltek. *Takkoffer til Det*
norske menneskerettsfondet

10.desember kl 11.00

2.s. i advent

Tonstad kyrkje

Gudsteneste. Kora deltek.
Takkoffer til Blå Kors

10.desember kl 19.00

2.s. i advent

Haughom kapell

Lysmesse. Konfirmantane
deltek. *Takkoffer til Det*
norske menneskerettsfondet

21.desember kl 19.30

Torsdag etter 3.s. i advent

Tonstad kyrkje

«Vi syng jula inn» Sirdal
blandakor.

24.desember kl 14.00

Julaftan

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste. *Takk-*
offer til Kirkens Nødhjelp

24.desember kl 16.00

Julaftan

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste. *Takk-*
offer til Kirkens Nødhjelp

25.desember kl 12.00

Juledag

Tonstad kyrkje

Høgtidsgudsteneste. Kor-
gruppe deltek. *Takkoffer til*
misjonsprosjektet i Spania.

28.desember kl 17.00

Torsdag etter jul

Kvævemoen kapell

Julefest for små og store. Ta
med julekaker til felles bord.
Takkoffer til misjonsprosjek-
tet i Ecuador.

31.desember kl 23.00

Nyttårsaftan

Tonstad kyrkje

Midnattsgudsteneste. *Takk-*
offer til Søskenringen

4.januar kl 11.00

Torsdag etter nyttår

Sirdalsheimen

Gudsteneste med nattverd.
Takkoffer

7.januar kl 11.00

Kristi openberringsdag

Haughom kapell

Gudsteneste. *Takkoffer*

14.januar kl 17.00

2.s. i openberringstida

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste.
Takkoffer

21.januar kl 11.00

3.s. i openberringstida

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste.
Takkoffer

4.februar kl 11.00

Kristi forklåringsdag

Tonstad kyrkje

Gudsteneste. *Takkoffer*

11.februar kl 17.00

Fastelavnssundag

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste.
Takkoffer

18.februar kl 11.00

1.s. i fastetida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste. *Takkoffer*

3.mars kl 20.00

Laurdag etter 2.s.i fastetida

Tonstad kyrkje

Ungdomsgudsteneste.
Farsund ungdomskor.
Takkoffer

4.mars kl 11.00

3.s.i fastetida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste

Det kan bli endringar.
Følg med i avisa og på
www.sirdal.kyrkje.no
www.facebook.com/kyrkjaisirdal





STAR
THE LAST JEDI
WARS
VERDENSPREMIERE
PÅ KINO 13. DESEMBER

kultursidene



vinter 2017



eining for kultur og fritid
Sirdal kommune

www.sirdal.kommune.no

Kva skjer i Sirdal?

Arrangement

Her er ei lita oversikt over arrangement framover. På heimesida til Sirdal kommune er det meir info: www.sirdal.kommune.no



Torsdag 23. november
kl. 18.00
Konsert m/ KOR INTER
Sirdalsheimen

24 - 25. november
Julemesse v/Tonstad misjonslag
Sirdal kulturhus

Laurdag 2. desember
Førjulshandel
Tonstad sentrum

Sundag 3. desember
kl. 16.00 på Eliastunet
Adventssamling - Tonstad Tenning av Julegrana
Eliastunet / Tonstad kyrkje

Tysdag 5. desember
kl. 17.30 v/museet
Adventssamling - Kvæven Tenning av Julegrana
Sirdal Fjellmuseum
og Kvævemoen kapell

Fredag 8. desember
JuleSwing i kulturhuset
Sirdal Mad & Viseklubb

Torsdag 21. desember
kl. 19.30
"Vi syng jula inn"
- med Sirdal blandakor
Tonstad kyrkje

28. desember
kl. 17.00
Julefest i kapellet
Kvævemoen kapell




14. september lanserte Sirdal kommune sin nye hjemmeside. Vi håper at funksjonaliteten og brukervennligheten vil være tilfredsstillende med den nye løsningen. På den nye hjemmesiden vil et av hovedfokusene være å informere publikum så ofte som mulig om ting som rører seg i den kommunale sektoren og kommunen forøvrig. Vi skal fremover gjøre så godt vi kan for å oppdatere innhold regelmessig.

Adresse ny hjemmeside:
www.sirdal.kommune.no

Informasjon frå Sirdal kommune:

Ny internettside!



Den nye hjemmesiden har også en kalender-funksjon. Her blir det lagt ut informasjon om arrangementer som skjer innenfor kommunen, og da i hovedsak i kommunal regi. Vi håper at så mange som mulig sjekker kalenderen regelmessig for å se hva som skjer av ulike aktiviteter. Ellers håper vi at tjenestetilbudet vårt også har blitt mer oversiktlig med denne nye løsningen. Siden kan bli justert på enkelte områder dersom det er behov for det, men i hovedsak skal den se ut slik som den fremstår i dag.

Ta gjerne kontakt med oss på kulturkontoret dersom du har lyst på ein kopi av heftet "Segn og søge kring Sirdalsvatnet".



Ta deg ein tur til Holmen i Sirdalsvatnet!

Ny brygge på Holmen

I sommar vart det gjennomført fleire tiltak på Holmen i Sirdalsvatnet, for å gjera denne historiske staden meir tilgjengeleg for besøkjande.




Det har no blitt laga ny brygge, slik at det er enkelt å koma i land på Holmen.

Det er òg snekra gapahuk og enkelt toalettbygg. I tillegg er det hogd ut ein del skog slik at det er betre plass til å setja opp telt her.

Det er òg starta arbeid med å rydde stronda.

Eining for kultur planlegg eit arrangement på Holmen til våren, for å markere kor flott det har blitt her. Meir informasjon om dette kjem etterkvart.




Me vil òg nytte høve til å takka båtforeiningane på Virak, Haugdom og Tonstad for den gode innsatsen dei gjorde med dugnadsarbeid på Holmen no i haust. Elles vil ein oppmode alle til å ta båtturen ut hit, me håper mange vil ta i bruk dette "nye" flotte område for friluftsliv og det sagnomsuste miljøet på Holmen.

Tiltaka som var gjennomført i sommar var finansiert gjennom sirdal kommune, Sira-Kvina kraftselskap og Naturtriangelet

Kvadratruta kjører fast
lørdager i oddetallsuker
på følgende tidspunkt:

Øvre Sirdal GP kl. 08.25
Omlid ca. kl. 08.40
Tonstad sentrum kl. 09.00
YX Tonstad kl. 09.05
Hjemreise fra Kvadrat er
kl. 16.00



Kvadratruta

Kvadrat er det fjerde største kjøpesenter i Norge, her er 160 butikker. Det går fast rute fra Tonstad til Kvadrat, lørdager i oddetallsuker.

Billettpris tur/retur:

Kr. 150 for voksne

Kr. 100 for barn (under 16 år)

Passasjerer på strekningen Sandvann - Tonstad, rullestolbrukere og eventuelt de som bare vil sitte på hjem fra Kvadrat må bestille innen fredag kl. 15.00

Booking på telefon eller sms til 99 36 05 93

Her er bilete frå Ungdomsråds konferansen som var i Kristiansand i haust. Her har dei ulike ungdomsråda fått i oppgåve å lage ein konstruksjon av 20g spaghetti og 1 A4 ark, som skulle kunne ta imot eit egg frå 1 meters høgde utan at det vart knust. Sirdal og Kvinesdal greidde oppgåva med glans!



Sirdal Ungdomsråd



eining for kultur og fritid

SUR

Sirdal Ungdomsråd (SUR)
kljikhjklklø

Medlem av SUR:

Odd Inge Guddal- leder(SVG)

Madli Ådneram- nestleder (Sinnes)

Bjørnar Bjørnstad (SVG)

Tord Hegre – medlem (Sinnes)

Ruben Meriloo- medlem (Tonstad)

Malene Øksendal- medlem (Tonstad)

Vara:

Alexander Haugom (Tonstad)

Connie Moen (SVG)

Marius Fidjeland (Sinnes)

E-bøker på biblioteket!
E-lån Agder er en døgn-
åpen bibliotektsjeneste fra
bibliotekene i Aust-Agder
og Vest-Agder. I likhet med
andre bibliotektsjenester er
dette tilbudet gratis for bru-
kerne. For å kunne låne e-
medier gjennom denne
portalen må du ha et låne-
kort som er aktivert hos et
bibliotek i Agder.
Gå inn på:
www.bibliotek24.no



Opningstider juleveka:
Ein vil minne om opnings-
tider for juleveka 2017,
og samstundes minne
om at me har mange
flotte bøker med tema
jul til utlån.
Onsdag 27. desember
kl. 11.00 - 19.00
Fredag 29. desember
kl. 09.00 - 16.00
Sinnes filial er stengt i
juleveka.

Biblioteket

Diplomfest for SommarLes

Nedanfor ser de bilete frå Diplomfesten for Sommarles på Sinnes filial. Mange hadde funne vegen til biblioteket og alle lesehestane fekk diplom + litt attåt. Johanna og Miriam var dei to heldige vinnarane av Sommarles, dei fekk bok og DVD. Totalt var det 22 elevar frå 7 – 11 år som leverte 48 lesepass som tilsaman vart 446 bøker.



FIFA-turnering på biblioteket

Denne hausten har det vore arrangert FIFA-turnering på biblioteket. Det var eit svært populært tiltak. Det var cup med kampar på 4 minutt kvar, og det vart spelt på Playstation. Arrangementet var støtta av Vest-Agder fylkeskommune, fylkesbiblioteket. Til høgre er eit bilete frå turneringa, frå ungdoms-avdelinga i kjellaren på biblioteket, Tonstad.

Ein vil minne om at ungdomsavdelinga er open for alle i bibliotekets opningstider. Her går det an å gjera lekser, spele dataspel, bruke internett og: lesa bøker. Vel møtt!



*Stor Kropp - større hjerte!
Bli med Ferdinand, tyren
med det store hjertet,
og vennene hans på
eventyr!
En morsom animasjonsfilm
fra skaperne av "Istid".*



Kommer på kino!

Ferdinand

Ferdinand, som heller vil lukte på blomstene enn å sloss med de andre oksende, blir ved en feil oppfattet som er stort og farlig dyr, og tatt til fange for å delta på tyrefekting.

Fast bestemt på å vende hjem og tilbake til familien, begir han seg ut på et fantastisk eventyr, sammen med en flokk med herlige nye venner.

*Jan Baalsruds flukt regnes
som en av de mest
utrolige overlevelseshistoriene fra andre verdenskrig. Den to måneders lange flukten har gjort Baalsrud til et symbol for den norske motstandsbevegelsen.*



Ny norsk storfilm - kommer på kino!

Den 12. mann

Historien om Jan Baalsrud ble først skildret i 1957, i spillefilmen som fikk den norske oversettelsen "Ni liv". Nå har den kjente norske filmregissøren Harald Zwart regissert en ny film, som handler om Baalsruds flukt fra nazistene i 1943. Filmen har fått tittelen "Den 12. mann".

Den 12. mann forteller historien om krigshelten Jan Baalsruds legendariske flukt fra nazistene under andre verdenskrig. Tolv motstandsmenn gikk om bord i en fiske-skøyte på Shetland og krysset Nordsjøen for å kjempe mot tyskeren. Forrådt av nordmenn ble elleve av mannskapet fanget og drept. Bare den tolvte mannen, Jan Baalsrud, klarte å komme seg unna.

Filmen "Den 12. mann" er historien om Jan Baalsrud og de som hjalp ham. Thomas Gullestad er perfekt i rollen som Baalsrud. Se filmen på Sirdal komm. kino!



eining for kultur og fritid

SIRDAL

KINO & KULTURHUS

Film er best på kino!
Se alltid oppdatert
kinoprogram og kjøp
billett på:

www.filmweb.no/sirdalkino/



Søndag 26. november kl. 19.00



Onsdag 6. desember kl. 19.30



Fredag 8. desember kl. 17.00

Søndag 10. desember kl. 17.00



Søndag 10. desember kl. 19.00



THEY CAME FOR HIS FAMILY
NOW HE'S COMING FOR THEM
DEATH WISH
NETFLIX
NOVEMBER

Onsdag 13. desember kl. 19.30 3D

Søndag 17. desember kl. 19.00 2D

Onsdag 20. desember kl. 19.30 2D



einig for kultur og fritid

Filmer som kommer!

Se internettsida for spilledato
www.filmweb.no/sirdalkino/



eining for kultur og fritid



Ordførereens spalte

Ordfører Thor Jørgen Tjørhom, skriver litt om det som skjer i kommunen vår.

Høsten 2017

Sirdal var som sedvanlig arena for sauesanking og folkefest når «Sirdalsdagane» ble arrangert i begynnelsen av september.

Det hele starter med fredagens begivenhet når tusenvis av sauer ankommer Kvæven og skilleplassen der.

Denne sauedriften har en lang tradisjon i Sirdal, og både innbyggere og besøkende ønsker å få med seg denne opplevelsen år etter år.

Sirdalsheiene har en sterk historie når det gjelder «heieføring» og sommerbeite, noe som har hatt stor betydning i generasjoner for denne næringen i vår region.

Det er mange historier som kan fortelles fra tidligere tider om strabasjose sauedrifter fra Jæren til Sirdalsheiene, livet som gjeter og de mange opplevelsene dette medførte for folk og fe gjennom sommeren.

Alt dette hører også med til vår nære historie i Sirdal, og «Sirdalsdagane» bidrar i så måte med på å formidle dette videre.

Hos oss sirdøler har sauehold gjennom tidene hatt en viktig betydning i form av mat, næring og utmarksbruk gjennom mange generasjoner. Utstrakt bruk av utmark-/fjellbeite gir en fantastisk kvalitet på kjøttet.



Tilbake til selve arrangementet, dette er en stor dugnad i likhet med de fleste aktiviteter i Sirdal.

Uten samhold, dugnad og engasjement ville ikke dette vært mulig, og ei bygd uten aktivitet blir «fattig». Vi er en kommune med stor aktivitet, og det er til en hver tid flere mennesker i bygda enn det er fastboende her.

«Sirdalsdagane» er et arrangement der mange frivillige og ulike næringer samarbeider for å skape attraktive festdager på Kvæven.

Det var Sølvi Mannerok som sto bak årets utgave av «Sirdalsdagane» - en stor takk til henne! Hun arbeidet frem et flott program for dagene, som favnet «alle», fra barn til eldre. Et mangfold av aktiviteter og underholdning, og et messeinnhold med stor variasjon og kvalitet!

Ny næring: Fiskeoppdrett i Sirdal!
Den 9. september var det offisiell åpning av Norsk Ørret sitt produksjonsanlegg i Sirdalsvatnet.

Konsesjon er gitt, og produktet «Sirdals Ørret» har tillatelse til en årlig produksjon på imponerende 600 tonn.

Vi håper denne næringen blir vellykket, som jeg sa i min åpningshilsen; «dette er spennende og vi anser nå at første fase på denne næringen er startet, og ser fram til neste byggetrinn».

Kunne en fått til en videreføring av denne fisken ville dette medføre stor aktivitet, vi må også håpe at dette blir et bidrag på «Sirdalsmat»-fatet framover.



En annen begivenhet som fant sted her i september, var at vi fikk «tilbake» en utgave av reformasjonsbibelen fra 1550.

Bibelen ble gitt til Tonstad kirke for 389 år siden. 214 år seinere, i 1842, ble bibelen solgt, og familien som eide den emigrerte etter hvert til USA.

I september 2017 kom Rachel og Carol Bolte helt fra Minnesota til Sirdal for å gi denne bibelen tilbake til kirkesognet den engang hadde tilhørt. Kirka hadde laget et fint program for de to, der vi hadde en spennende dag og besøkte flere steder i kommunen. Det som nok gjorde størst inntrykk var da de kom til Lindeland og fikk se stedet der familien en gang hadde bodd. Gudstjenesten med overrakkelsen var en fin opplevelse for Rachel og Carol, og dagen ble avsluttet med en fin samling på kulturhuset.



NM i Rulleski ble arrangert helgen 22-24. september.

Over 300 deltakere junior/senior deltok disse dagene på Feed skiarena. Et stort arrangement, som ble «prikkfritt» gjennomført. Arrangøren hadde gjort en fantastisk forberedelse, og alle tilreisende fikk en god opplevelse i Sirdal denne helgen.

Thor Jørgen Tjørhom
-Ordfører-



Frå Fotograf T. Dahl

Det er framleis mange bilete i samlinga til T. Dahl som ein ikkje har funne opplysningar til. Kjenner du att personen på dette bilete? Eller har du anna nyttig informasjon?

Då kan du ringe inn til oss på kulturkontoret,
tlf.: 38 37 90 70 eller e-post til: gko@sirdal.kommune.no

eining for kultur og fritid
Sirdal kommune
www.sirdal.kommune.no

Fotograf T. Dahl

Tønnes Andreas Jonassen
Øksendal (1884 - 1979)
Han var sjølvlærd som fotograf.

Mykje av utstyret til framkalling og kopiering laga han sjølv. Den store samlinga av fotografi inneheld m.a. portrett, vegarbeid, bryllaup og gravferd.